


TIME KOMMUNE

TRYGG OG FRAMTIDSRETTA



Barn i to
heimar

Rettleiar



BARN I TO HEIMAR

Det kan innimellom vera vanskeleg for tilsette å vita korleis ein skal forhalda seg til foreldre som ikkje bur saman. Me har fått låna Stavanger kommune sin rettleiar «Når foreldre ikke bor sammen» som utgangspunkt for vår eigen rettleiar «Barn i to heimar». Retteleiaren skal vera til hjelp for å sikra at barnehage og skule lettare får oversikt over begrep som foreldreansvar, fast bustad og samværsavtale. Dette er kunnskap som er viktig for at ein skal oppfylle informasjons- rettleiings- og taushetsplikta i forhold til skilte foreldre.

Ved å be foreldra fylla ut skjemaet bakerst i rettleiaren, *Foreldre som ikkje bur saman*, vil ein få oversikt over kva avtalar foreldra har. Dette har betydning for kva lovverk som gjeld og korleis tilsette skal forhalda seg til foreldra.

Kilder:

Barnelova

Pasientrettigheitslova

www.bld.dep.no

Barneombudet

www.kd.dep.no

FORELDREANSVAR

Kva er foreldreansvar?

Foreldreansvar er den rett og plikt foreldra har til å bestemma for barnet når det gjeld personlege forhold. Personlege forhold kan vera:

- Å oppdra barnet
- Kor barnet skal bu
- Kva namn barnet skal ha
- Inn- og utmelding i trussamfunn- foreiningar
- Pass
- Medisinske inngrep
- Val av type barnehage/skule (til dømes barnehage/skule med anna livssyn)

Felles foreldreansvar

Foreldre som er gift når barnet vert fødd har automatisk felles foreldreansvar. Viss dei flyttar frå kvarandre, vil begge fortsatt ha foreldreansvar dersom dei ikkje har laga avtale om at den eine av foreldra skal ha foreldreansvar åleine. Ein slik avtale må vera sendt til Folkeregisteret for å væra gyldig. Viss foreldra ikkje vert einige om dette, kan dei be domstolen om å avgjera det.

Frå 01.01.2006 fekk også foreldre som er sambuarar automatisk felles foreldreansvar. Lovendringa gjeld for barn som er fødd etter 01.01.2006.

Foreldre som ikkje bur saman når barnet vert fødd, kan avtala om dei skal ha felles foreldreansvar. Dei må då senda melding om dette til Folkeregisteret. Dette gjeld også for foreldre som på grunn av tidligare regelverk ikkje har felles foreldreansvar. Meir informasjon om dette kan ein finna på www.bld.dep.no

Reglar som i lov eller forskrift gjeld far, gjeld på same måte for medmor. Som medmor til barnet skal reknast moras kvinnelege ektefelle eller sambuar, dersom medmorskapen følgjer av ekteskap, erklæring eller dom.. Eit barn kan ikkje ha både ein far og ei medmor.

Konsekvensar for barnehage og skule når foreldra har felles foreldreansvar

- Begge foreldra har same rett til å delta på foreldremøter
- Begge foreldra har same rett til å ha foreldresamtalar
- Begge foreldra er valbare til samarbeidsutval og anna
- Begge foreldra skal inviterast til arrangement og tilstelningar
- Begge foreldra har rett til same opplysningar frå barnehage/skule
- Begge foreldra har rett til opplysningar om barnet og barnets forhold i barnehage/skule, men ikkje opplysningar om den andre forelderen eller barnets heimesituasjon
- Begge foreldra må gje samtykke ved henvisning til PPT

Foreldreansvar åleine

Det er kun i sjeldne tilfeller at den eine forelderen har foreldreansvar åleine. Det kan for eksempel vera at foreldra ikkje var gifte eller sambuarar når barnet vart fødd, og at foreldra ikkje laga ein avtale om felles foreldreansvar. Den eine parten kan også ha foreldreansvar åleine etter ein skilsmisse, dersom foreldra har gjort ein avtale om det. I nokre tilfeller føreligg det ei rettsleg avgjersle på at berre den eine forelderen skal ha foreldreansvar.

Konsekvensar for barnehage og skule når berre den eine av foreldra har foreldreansvar

- Den som har foreldreansvar åleine skal gje den andre opplysningar om barnet når vedkomande ber om det
- Den som ikkje har foreldreansvar har rett til opplysningar om barnet og barnets forhold i barnehagen/skulen, men ikkje opplysningar om den andre forelderen eller barnets situasjon i heimen. Bestemmelsen gjeld også om vedkomande ikkje har samværsrett.
- Barnehagen kan nekta å gje opplysningar dersom det kan *væra til skade for barnet*. Uttrykket dekkjer ikkje bare dei situasjonar der opplysningane kan tenkast å verta brukt direkte mot barnet. Det gjeld også i situasjonar der opplysningar kan verta brukt mot den som har foreldreansvar, og på den måten også kan koma til å verta til skade for barnets situasjon. Vert ein nekta opplysningar kan ein klaga til fylkesmannen, og eit slikt val bør derfor verta grunngitt skriftleg.
- Den som ikkje har foreldreansvar kan delta på foreldremøter dersom den andre forelderen gjer sitt samtykke til det.
- I heilt spesielle tilfeller kan fylkesmannen bestemma at den som ikkje har foreldreansvar skal mista retten til opplysningar om barnet. Dette kan skje viss opplysningsretten er misbrukt, eller viss foreldra har svært store konflikhtar.

Ny samboar/ektefelle

Ein ny sambuar eller ektefelle til den som har del i foreldreansvaret, har ikkje krav på å delta i *felles* foreldresamtale eller møter, når den andre som har del i foreldreansvaret ikkje godtar det. Det betyr at dersom to foreldre med felles foreldreansvar begge ønskjer å møta på same foreldresamtale/møte, så kan begge motsetja seg at det møter ein tredjeperson. Ny sambuar/ektefelle eventuelt andre kan delta i foreldresamtale/møte, dersom det kun er den eine forelderen som skal ha samtale og vedkomande gir samtykke til det.

Fosterforeldre

Viss barnevernet har plassert barnet hos fosterforeldre er det dei som utøver den daglege omsorg i staden for foreldra. Det vil sei at barnehagen/skulen har melde- og opplysningsplikt til fosterforeldra. Det skal kun verta gitt opplysningar om barnet. Dei biologiske foreldra har «rest-foreldreansvar» og har rett til opplysningar frå barnehagen/skulen når dei ber om det. Her gjeld dei same begrensningane som nevnt ovanfor med tanke på om opplysningar kan *væra til skade for barnet*.

Foreldre som er fråtekne foreldreansvar i medhald av Barnevernslova § 4-20 kan ikkje krevja å få opplysningar.

DER BARNET BUR FAST

Rettigheter til den barnet bur hos

Den av foreldra som barnet bur fast hos har alltid foreldreansvar, og har dermed betemmelsrett over følgjande:

- den direkte daglege omsorgen for barnet, som for eksempel; klær, mat, sengetid, innetid m.m
- om barnet skal gå i barnehage
- kan flytta med barnet til annan stad i landet

Konsekvensar for barnehage og skule

- Barnehagen/skulen skal forhalda seg til den barnet bur fast hos når det gjeld bestemmelsar i kvardagen, for eksempel niste, utsyr, deltaking på turar m.m
- Det er den barnet bur fast hos som kan bestemma kven som kan henta og bringa i barnehage/skule.
- Dersom hentetida er innanfor samværstida, kan samværsberettiga henta barnet, eventuelt kan vedkomande bestemma at ny sambuar, besteforeldre eller andre kan henta.
- Dersom det føreligg ein dom eller eit vedtak frå Fylkesmannen som seier at samværsberettiga skal henta barnet i barnehage/skule til fastsette tider, må barnehage/skule forhalda seg til denne avtalen sjølv om den barnet bur fast hos gir ein annan beskjed. Dette forutset at dommen eller vedtaket vert dokumentert ovanfor barnehagen/skulen

Delt fast bustad

Delt fast bustad betyr at barnet har fast bustad hos begge foreldra (i motsetnad til når barnet bur fast hos den eine forelderen og har samvær med den andre). Delt fast bustad treng ikkje bety at barnet bur like mykje hos begge, men at foreldra har same myndigheit ved avgjersler. Foreldra kan avtala delt fast bustad. I særlege tilfeller kan domstolen avgjer at det skal vera delt fast bustad, mot den eine eller begge foreldras vilje.

Konsekvensar for barnehage og skule

- Ved delt fast bustad må barnehage/skule forhalda seg til begge foreldra når det gjeld informasjon, henting/bringing, praktiske avtalar når det gjeld klede, utstyr, turar, samtalar m.m

SAMVÆRSRETT

Kva er samværsrett?

Barnelova gir barn rett til samvær med begge foreldra når foreldra ikkje bur saman. Foreldra kan fritt avtala kva slags samværsordning dei ønskjer å ha. Utgangspunktet er at samværet skal skje ut frå kva som vil vera det beste for barnet. Begge foreldra har ansvar for at samværsretten vert oppfylt.

Konsekvensar for barnehage og skule

- Det er foreldra som har ansvar for at samværsretten vert oppfylt- herunder å organisera samværsretten.
- Samværsretten kan ha konsekvensar for barnehage/skule dersom det er avtalt at den som har samvær skal henta barnet i barnehage/skule. I slike tilfeller bør ein ha skriftleg dokumentasjon frå foreldra (sjå skjema bak i rettleiaren).

SAMTYKKE TIL HELSEHJELP

Hovudregelen er at begge foreldra med foreldreansvar skal samtykka til helsehjelp til barn. Det er imidlertid tilstrekkeleg at ein foreldrene samtykker til helsehjelp som:

- reknast som eit ledd i den daglege og ordinære omsorgen for barnet (for eksempel behandling av øyreverk, betente mandlar, influensa, skrubbsår m.m.) Denne type helsehjelp kan den av foreldra som til einkvar tid er saman med barnet ta stilling til.
- kvalifisert helsepersonell meiner er nødvendig for at barnet ikkje skal ta skade. Denne type helsehjelp kan bestemast av forelder med foreldreansvar, og gjeld tilfeller der foreldra ikkje vert einige, eller kor det ikkje er mogleg å få avklart kva begge foreldra meiner. Begge foreldra skal få sei si meining før slik helsehjelp vert gitt, viss mogleg.

Det er foreldra sitt ansvar å sørge for at barnet får helsehjelp, ikkje barnehage/skule. Dersom barnet treng akutt helsehjelp mens det er i barnehage/skule, må ein sørge for at barnet får dette. Dersom det er tid skal barnehagen/skulen kontakta foreldra først.

VARSLING VED FLYTTING

Begge foreldra har varslingsplikt ved flytting. Dette gjeld både bustadsforeldre og samværsforeldre. Varslingsplikta inneber at den av foreldra som skal flytta må varsle den andre forelderen seinast 6 veker før flytting. Foreldra har då tid og moglegheit til å koma fram til den beste løysinga når det gjeld omsorg for barnet, før flyttinga vert gjennomført.

SPØRSMÅL FRÅ ADVOKATAR

Erfaringar syner at mange advokatar tek kontakt med barnehage/skule pr.telefon, for å få opplysningar i samband med barnefordelingssaker. Det er viktig at barnehage/skule gir beskjed om at advokaten må ta skriftleg kontakt. Det bør ikkje verta gitt opplysningar pr.telefon - heller ikkje til advokatar. Når det vert gitt opplysningar bør ein unngå vurderingar og kun gi faktaopplysningar. Den tilsette i barnehage/skule har taushetsplikt, noko som inneber at dei kun kan gi informasjon til forelderen/forelderens advokat om barnets forhold i barnehagen. Ein skal ikkje gi informasjon om den andre forelderen eller om heimeforhold hos denne.

TILSETTE SOM VITNE I RETTSAKER

Dersom ein tilsett i barnehage/skule vert stevna som vitne i ein rettsak, er den tilsette pliktig til å stilla. Den tilsette er ikkje pliktig til å gje vurderingar, kun faktaopplysningar.

I utgangspunktet er den tilsette bunden av taushetsplikta også når det gjeld vitnemål i retten. Dersom den som har krav på taushet ikkje har samtykka til at den tilsette kan gi taushetsbelagt informasjon i retten, er det fylkesmannen som har myndigheit til å oppheva taushetsplikta. I sivile saker som for eksempel barnefordelingssaker, vil det vera advokaten som ønskjer å føra den tilsette som vitne, som har ansvaret for å søkja fylkesmannen om å oppheva taushetsplikta. I straffesaker vil det vera påtalemyndigheita som har ansvar for å søkja fylkesmannen om fritak frå taushetsplikta.

I ein del saker tek ein av foreldra, eller forelderens advokat kontakt med den tilsette i barnehage/skule og ber vedkomande om å stilla frivillig som vitne i for eksempel barnefordelingssak, det vil sei utan vitnestevning. Den tilsette bør avslå det. Dersom den tilsette stiller frivillig som vitne for den eine parten i retten, vil det kunne verta oppfatta som at den tilsette /barnehagen/skulen har «teke parti» for den eine parten. Dette vil vera svært uheldig. Det er viktig at barnehagen/skulen og dei tilsette er tydelege på at dei ikkje vel side i konflikta. Barnehage/skule skal vera ein konfliktfri arena.

FORELDRE SOM IKKJE BUR SAMAN

Barnehagen/skulen er gjort kjent med at foreldra til
ikkje bur saman. I samband med det har barnehagen/skulen behov for tilleggsopplysningar for å
følgja opp sitt ansvar for begge foreldra.

Barnehage/skulen ber med dette om å få opplysningar om foreldreansvar, fast bustad og
samværsavtalar som har betydning for barnehagen/skule.

1. FORELDREANSVAR

.....har felles foreldreansvar med.....

.....har foreldreansvar aleine

2. FAST BUSTAD (dagleg omsorg)

Barnet har fast bustad hos.....

Barnet har delt fast bustad hos.....

3. SAMVÆRSAVTALE

Har de fastsett samværsavtale som medfører at den av foreldra som har samværsrett skal henta
og bringa barnet i barnehage/skule? I tilfelle ja- kva slags?

.....

4. ANDRE RELEVANTE OPPLYSNINGAR

.....

.....

.....

Underskrift:

Stad og dato.....

.....
forelder

.....
forelder

*Dersom det vert gjort endringar i opplysningane ovanfor, ber me om at barnehagen/skulen vert
informert om det.*